

Protokoll frå årsmøte i Stord Jazzklubb

Tid: Mandag 5. mars 2018 kl. 18.00 - 20.00

Stad: Grand Hotell, Stord

Frammøtte: 6 medlemmar

1. Opning

Styreleiar Olav Fjell innleia årsmøtet og ønskte dei frammøtte velkomne.

2. Val av møteleiar og referent

Møteleiar: Magne Langåker

Referent: Kjell Arne Møklebust

3. Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.

4. Val av to medlemmar til å underteikna protokollen

Desse vart valde til å underteikna protokollen:

- Magne Langåker
- Wenche Eriksen

5. Årsmelding

Årsmeldinga vart gjennomgått og det kom følgjande merknad:

«Styret rettar takk til Jørund Fjøsne for utforming av logo - eit arbeid som vart gjort på dugnad». Med denne merknaden vart årsmeldinga samrøystes vedteken.

6. Rekneskap 2017

Årsrekneskapen vart gjennomgått. Kasserer Terje og revisor Jostein kommenterte enkeltpostar. Annonsering av konsertar utgjer ein stor kostnad. Årsmøtet oppmodar styret om å vurdera annonsering som medfører lågare kostnader.

Rekneskapen viser eit årsoverskot på kr 17.444,36. Eigenkapitalen pr. 31.12.2017 er på kr 30.035,68.

Årsrekneskapen vart samrøystes vedteken.

7. Budsjett 2018

Olav orienterte om budsjettet for 2018. Dette balanserer med kr 413.000,- og føreset mellom anna tilskot frå Kulturrådet på kr 150.000,- (15 konsertar). Dersom tilskot vert mindre enn antatt, kan dette medføre redusert konsertaktivitet i 2018.

Årsmøtet er gjort kjent med budsjettet og tar dette til vitande.

8. Innkomne forslag

Det var ikkje kome inn forslag til handsaming på årsmøte.

Årsmøtet i 2017 vedtok endringar av vedtektene og desse er no innarbeidde i vedtektene slik årsmøtet i 2017 bad styret gjera.

9. Kontingent

Styret foreslår å behalde årskontingenten for 2018 på same nivå som i 2017, dvs. kr 300,- pr. medlem.

Årskontingent på kr 300,- for 2018 vart samrøystes vedteken.

10. Val

Innstillinga til valnemnda på nytt styre vart samrøystes vedteken.

Årsmøtet oppmodar valnemnda til neste år om å auke kvinnedelen i styret.

Årsmøtet vedtok samrøystes attval av valnemnda.

Styret pr. 5.mars 2018 er slik samansett:

Styreleiar	Olav Fjell	(attval)	1 år
Nestleiar	Kjell Arne Møklebust	(ikkje på val)	1 år
Kasserar	Terje Stensletten	(attval)	2 år
Styremedlem	Wenche Eriksen	(ikkje på val)	1 år
	Ole Jakob Hystad	(attval)	2 år
Varamedlem	Jonas Selås Olsen	(attval)	1 år
	Harald Onarheim	(attval)	1 år
Revisor	Jostein Bøyum	(attval)	1 år
	Knut Gramstad	(attval)	1 år
Valnemnd	Jan Roger Pettersen	(attval)	1 år
	Brit Thorland Gravdal	(attval)	1 år

11. Avslutning

Magne Langåker takka på vegner av medlemmane styret for utmerka innsats i eit aktivt jazz-år. Spesielt stor takk til styreleiar Olav Fjell for eit stort engasjement som har gitt mange fine musikkoplevingar.

Olav takka for fornøya tillit og presiserte behovet for å jobba vidare med ei god arbeidsdeling i styret samt forsøkje å engasjera fleire medlemmar til ulike dugnadsoppgåver.


Stord, 5. mars 2018



Kjell Arne Møklebust
Referent



Wenche Eriksen



Magne Langåker